

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
147/17	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	29.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Torbjørn Helgeland	14/356

**14/379 - Hatland - Krav om lovlegkontroll på vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval av 27.09.2017 saksnr. 116/17**

**Vedlegg:**

14/379 - Hatland - Krav om lovlegkontroll av vedtak i Osterøy plan- og kommunaltekniske utval  
14/379 - Hatland - Søknad om løyve til tiltak - 2 rekkjer med 4 einebustader i kvar rekkje - søknad om dispensasjon - utnyttingsgrad - klage  
14/379 - Hatland - Lovlegkontroll Hatland  
Lovlegkontroll Hatland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Krav om lovlegkontroll motteke 20.10.2017 som gjeld vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 27.09.2017 saksnr. 116/17 vert avvist, då frist for mottak av krav om lovlegkontroll er overskriden, jf. forskrift 13. januar 1993 nr. 4041 §§ 1 og 2.

Iverksetjinga av vedtak av 27.09.2017 saksnr. 116/17 vert ikkje utsett, jf. kommunelova § 59, nr. 3."

**Plan- og kommunalteknisk utval - 147/17**

**PL - behandling:**

Atle Solberg, H, bad om ny vurdering av sin gildskap i saka for sitt vedkomande - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap. Inge Halland, H, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

**AVRØYSTING - gildskap**

Atle Solberg, H, vart kjend ugild med 4 røyster (2FRP, 1SP,1KRF) mot 3 røyster (2AP,1H).

Fleirtalet kjende han ugild då kravet om lovlegkontroll handlar om utvalsleiar sin gildskap i saka, jfr. fvl. § 6, 2. ledd .... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - vedteke med 6 røyster (2AP,1H,1FRP,1SP,1KRF) mot 1 røyst

(1 FRP)

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, fekk høve til å gje slik protokolltilførsel:

**"Forskrift for tidsfrist om lovligghetskontroll:**

§ 1.Fristen for å kreve lovligghetskontroll for medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er 3 uker.

§ 2.Fristen løper fra det tidspunkt avgjørelsen ble truffet.

For beregning av fristen gjelder forvaltningsloven §30 tilsvarende.

§ 3.Denne forskrift trer i kraft straks.

Forvaltningslova

§ 30.(når klagen må være fremsatt).

*For at klage skal værefremsatt i tide, er det nok at erklæringen før utløpet avfristen er avgitt til tilbyder av posttjenester som skal sørge for åfåsendingen frem tilforvaltningsorganet eller til offentlig tjenestemann som harfullmakt til å ta imot erklæringen. Kommer erklæringen ikke frem, må den gjentas innen en uke etter at vedkommende har fått vite om dette eller burde ha forstått det eller - om den opprinnelige frist er kortere - innen en frist av samme lengde som denne. Fristen regnes overensstemmende med reglene i domstollovens §§ 148 og 149.*

**3.3 Vilkår for å behandle klagen**

Klagen skal sendes til det forvaltningsorgan som har fattet vedtaket, jf. fvl. § 32 første ledd bokstav a. Underinstansen (førsteinstans for vedtaket) skal forberede saken for klageinstansen ogforeta de undersøkelser som klagen gir grunn til. Underinstansen skal med bakgrunn i klagen ta fornyet stilling til saken og kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet, jf. fvl. § 33 annet ledd. Underinstansen tar også stilling til om vilkårene for å behandle klagen foreligger, og skal avvise saken dersom de finner at disse ikke foreligger. Klageinstansen er ikke bundet av at underinstansen har lagt tilgrunn at vilkår for å behandle klagen er oppfylt. Dersom underinstansen avviser saken, regnes dette som et nytt enkeltvedtak som kan påklages særskilt til klageinstansen,jf. tvi. § 2 tredje ledd. Dersom underinstansen ikke har gjort de nødvendige forundersøkelsene,kan klageinstansen sende saken tilbake til ny behandling.

Selv om klagefristen er oversittet, kan både underinstansen og klageinstansen velge å ta klagen til behandling dersom klager ikke kan lastes for å ha oversittet klagefristen eller fordi det foreligger andre særlige grunner, jf. fvl. § 31."

**PL - vedtak:**

**"Krav om lovlegkontroll motteke 20.10.2017 som gjeld vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 27.09.2017 saksnr. 116/17 vert avvist, då frist for mottak av krav om lovlegkontroll er overskriden, jf. forskrift 13. januar 1993 nr. 4041 §§ 1 og 2.**

**Iverksetjinga av vedtak av 27.09.2017 saksnr. 116/17 vert ikkje utsett, jf. kommunelova § 59, nr. 3."**

## **Saksopplysningar:**

### **Saksopplysningar:**

Krav om lovlegkontroll framsett av: Hildegunn Mo (Osterøy FrP), Ragnar Johan Tyssebotn (Osterøy FrP) og Sigmund Arve Fagustad (Osterøy FrP).

Krav om lovlegkontroll motteke: 20.10.2017.

Osterøy Frp har i brev av 16.10.2017 kome med krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval av 27.09.2017 saksnr. 116/17.

Kravet er delt i 2 punkt:

- Det vert bede om at habilitet til utvalsleiar vert vurdert av fylkesmannen.
- Det vert sett krav om oppsetjande verknad i saka fram til lovlegkontroll er handsama.

Rådmannen syner elles til brev frå Osterøy Frp motteke 20.10.2017.

Plan- og kommunalteknisk utval har i møte 27.09.2017 saksnr. 116/17 gjort følgjande vedtak:

*"Klage motteke 30.06.2017 og 03.07.2017 vert ikkje teke til fylgje, og kommunen sitt vedtak av 31.05.2017 saknr. 064/17 om å gje dispensasjon frå utnyttingsgrad til TU% = BRA% = 31,3% for oppføring av 2 rekkjer med fire einebustader i kvar rekkje på gnr. 14, bnr. 379, Hatland vert oppretthalde. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33".*

### Kommunelova § 59:

#### **§ 59. Lovlighetskontroll, opplysningsplikt m.v.**

1. Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørelser truffet av folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovligheit. Det samme gjelder avgjørelser om møter skal holdes for åpne eller lukkede dører, jf. § 31, og avgjørelser om habilitet. Avgjørelser om ansettelse, oppsigelse eller avskjed er ikke gjenstand for lovligheitskontroll. Spørsmål om det foreligger brudd på bestemmelser gitt i eller i medhold av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser kan heller ikke gjøres til gjenstand for lovligheitskontroll.

2. Krav om lovligheitskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse. Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.

3. Krav om lovligheitskontroll medfører ikke at iverksettelsen av den påklagede avgjørelsen utsettes med mindre det organ som har truffet avgjørelsen, kommunalt eller fylkeskommunalt organ overordnet dette eller departementet fatter slikt vedtak.

4. Ved lovligheitskontroll skal det tas stilling til om avgjørelsen

- a. er innholdsmessig lovlig,
- b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og
- c. er blitt til på lovlig måte.

*Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig.*

5. *Departementet kan på eget initiativ ta en avgjørelse opp til lovliggjøring.*
6. *Departementet kan kreve at kommunen og fylkeskommunen gir opplysninger om enkeltsaker eller sider av kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Departementet har rett til innsyn i alle kommunale og fylkeskommunale saksdokumenter.*
7. *Departementet fastsetter nærmere regler om tidsfrister for krav om lovliggjøring.*

**PL – behandling i møte 27.09.2017 PT sak 116/17:**

Atle Solberg, H, tok opp spørsmål om gildskap for sitt vedkomande då bror hans, Terje Solberg, er nabo til prosjektet og at klagar har teke dette opp - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.  
Torunn Åsheim, AP, overtok som møteleiar, jfr. vedtak om val av setjemøteleiar i starten av møtet.

**AVRØYSTING - gildskap**

Atle Solberg vart kjend gild med 5 røyster (2AP, 1V, 1KRF, 1SP) mot 2 røyster (2FRP).  
Utvalet fann ikkje at det låg føre ugildskap for utvalsleiar etter fvl. § 6, 1. eller 2. ledd, då ein ikkje fann at broren sitt initiativ i høve til privat fellesveg i 2011 var relevant i høve til handsaminga av klagesaka.

---

Atle Solberg, H, kom tilbake og Turid B. Njåstad gjekk frå møtet- 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

**Vurdering**

Kravet er sett fram av 3 medlemer i Osterøy heradsstyre, og vilkår nr. 1 i kommunelova § 59, nr. 1, 1. punktum er oppfylt.

Kravet er sett fram etter fristen på tre veker frå vedtaket vart gjort, jf. forskrift 13. januar 1993 nr. 4041 §§ [1](#) og [2](#). Rådmannen legg til grunn at kravet om lovlegkontroll difor skal avvisast.

Kravet gjeld lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 27.09.2017 saksnr. 116/17, og kravet gjeld dermed kontroll av avgjerd truffe av folkevald organ, jf. kommunelova § 59, nr. 1. 1. punktum.

Kravet om lovlegkontroll gjeld avgjerd om habilitet, jf. kommunelova § 59, nr. 1, 2. punktum, siste alternativ.

Rådmannen vurderer at krava til lovlegkontroll i kommunelova § 59, nr. 1 er oppfylt.

Krav om lovlegkontroll skal setjast fram for det organ som har truffe avgjerd, og saka skal difor handsamast av plan- og kommunalteknisk utval, jf. kommunelova § 59, nr. 2, 1. punktum.

Plan- og kommunalteknisk utval kan endre vedtaket eller oppretthalde vedtaket av 27.09.2017 saksnr. 116/17. Dersom utvalet opprettheld vedtak av 27.09.2017 saknr. 116/17 skal saka sendast til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. kommunelova § 59, nr. 2, 2. punktum.

Det er vidare sett fram krav om utsett iverksetjing, jf. kommunelova § 59, nr. 3.

Plan- og kommunalteknisk utval må difor ta stilling til om iverksetjinga av vedtak av 27.09.2017

saknr. 116/17 skal utsetjast, jf. kommunelova § 59, nr. 3.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at plan- og kommunalteknisk utval avviser krav om lovlegkontroll, jf. forskrift 13. januar 1993 nr. 4041 §§ [1](#) og [2](#).

Rådmannen rår vidare til at plan- og kommunalteknisk utval ikkje gjev utsett iverksetjing av vedtak av 27.09.2017 saksnr. 116/17, jf. kommunelova § 59, nr. 3.